

Referat Årsmøte i Stongfjorden Vel 9.februarar 2013

Disse møtte:

Malmfrid Stang, Reidun Stafsnes, Gunhild Berge Stang, Roy Sævik, Arnlot Berge Stang, Nina Fredriksen, Gisle Stafsnes, Rolf Harald Stang, Gro Eikebø Stang, Dag Tore Mjåseth, Olaug Søreide, Sissle H Vie, Magnar Vie, Erlend Yndestad, Thomas Karlsen

Styret var representert med; Kari Larsen Stang, Rolf Fåberg, Idun Losnegård, Håvard Yndestad, Kjell Kristian Carlsen

Innkalling: Ingen merknad

Signering av protokoll: Grunde Stang og Rolf Harald Stang

Referent: Gro Eikebø Stang

Ordstyrar: Rolf Fåberg

Konstituering av årsmøte: Ok

Årsmeldingar:

Referat frå styret, frå badestrand nemnda, frå friluftsnemnda, frå lokalhistorienemnd, referat ballbanenemnd var alle ok. Disse leggest ved som vedlegg til referat.

Referat frå friluftsnemnda mangla.

Sluttrapport frå BU styret blei framlagt (avslutta 31.12.13)

Alle godkjent og applaudert.

Rekneskap:

Dag Tore Mjåseth gjekk gjennom rekneskapen. Gro Eikebø Stang er revisor.

Gro Hadde kommentert underskudd i to prosjekt; Badestranda og Leikeparken. Badestrand har eit underskot på ca 6500, badestranda ca 30 000,-. Noko av dette blir dekkja inn under basaren palmesundag. Det er slutt på overføringane av BU midlar og revisor meinte at her måtte det knipast inn. Revisor hadde også ein kommentar til summen som er avtalt ang nettsidene stongfjord.no. Her er det fakturert 40 000,-. Dette blei påpeika til å være for dyrt. Ein kan få lage nettsider til 10 000,-. Nettsidene skal være klare til 1.mars 2013.

Ein del kommentarar og diskusjon rundt rekneskapen men den blei godkjent.

Tilkomne saker:

Ingen saker var meldt inn, men styret hadde ei sak om høyringsuttale ang Marine Harvest. Styret foreslår at det skal skrivast ein ny høyringsuttale. Dette blir stoppa av Gro Eikebø Stang med følgjande grunnar. Tilkomne saker skal opplystast om 14 dagar før møtet, dersom ikkje kan dei ikkje behandlast i årsmøte, berre diskutert. Når det gjeld Marine Harvest har der vore eit Folkemøte, og utfrå det har ein laga ein høyringsuttale. Dersom det skal lagast ein ny uttale må denne være forankra i eit nytt folkemøte. Eit folkemøte er velforeninga sitt høgste organ.

Høyringsuttale som ligg føre blei opplest og årsmøte bestemte at denne skulle sendast inn på nytt for å sikre seg at den følgjer med saka.

Val:

Rolf Fåberg – Leiar

Håvard Yndestad - ikkje på val

Idun Losnegård – ikkje på val

Dag Tore Mjåseth – ny medlem for 2 år. Fortsett også som kasserar

Kjell Kristina Carlsen - kommunen sin representant

Vara:

1.vara - Erlend Vie

2.vara - Arnljot Berge Stang

Vara for kommunen: Gisle Stafsnes

Revisor: Gro Eikebø Stang

Valnemnda har bestått av:

Erlend Yndestad

Inger Bjaanes

Svenn Øvrebø

Årsmøtet gir styret mandat til å sette saman ei ny valnemnd.

Dei ulike nemndene:

Årsmøtet gir styret mandat til å gjere eventuelle endringar i nemndene og sette ein kontaktperson for dei ulike nemndene.

Vedlegg:

Ulike årsmeldingar

Resultat /Balanse

Referent

Gro Eikebø Stang

Referat Godkjent

Rolf Harald Stang

Grunde Stang